

## Supermann fyller 80 år

NPK-NTB-AFP: I juni 1938 debuterte teikneserien Supermann i bladet Action Comics. 80 år seinare er superhelten framleis ein av USAs største og mest kjente kulturelle ikon.

Teikneserieforlaget bak Supermann, DC Comics, står også bak Batman, Wonder Woman, The Flash og Green Lantern. Likevel er framleis «mannen av stål» den største av dei alle.

– Supermann er malen for ideen om ein superhelt. Han er ein idealisert karakter som alltid gjer det rette, seier Jared Smith, tilsett i ein teikneseriebutikk i Washington.

Denne sommaren, 11. juli, skal DC Comics sleppe ein ny Supermann-miniserie. Prosjektet blir leidd av teikneserieforfattar Brian Michael Bendis, som er hyra inn frå konkurrenten Marvel.

– Ein føler alltid arven til ulike karakterar, men det er noko heilt spesielt med Supermann. Det er noko fascinerande med at denne karakteren ikkje berre starta ein ny sjanger, men også vart kjerne og sjel i sjangeren, seier Bendis til nettsida Nerdist.

Superman såg dagens lys i ein teikna historie frå 1938, då tenåringane Jerry Siegel og Joe Shuster hadde dikta opp eit menneske som hadde overnaturlige krefter.

Karakteren vart første gong gjort til filmhelt av Kirk Alyn. Han spelte i ein filmserie om Superman i perioden 1948–1950. Sidan har den overnaturlige helten blitt filmatisert ei rad gonger, og har vore ein kassesuksess i Hollywood.

# Vellukka distriktsstemne med Volda rideklubb



\* Fornøgde juniorar etter å ha fullført bom på bakken/20 cm!

## 26. og 27. mai arrangerte Volda rideklubb distrikts- stemne i dressur og internt klubbstemne i sprang.

Først ut var dressurstemne på laurdag. Her kom det mange tilreisande frå heile Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Det var også ekvipasjar frå arrangørklubben Volda som starta på heimebane. Totalt 28 ekvipasjar stilte til start.

### Gode resultat for Volda

I Lett C var det seks påmelde og Anna Wangen Mork, Volda rideklubb, med Årheims Sonja tok 1.-plassen.

I klasse Lett A var det åtte startande og Camilla Kjøsnes frå Eid Ride og Køyreklubb tok 1.-plassen medan Randi Maud Mork med Bakkens Odin, Volda ride-

klubb, tok ein flott 2.-plass!

Hanne Brunvoll med Liaguten, som også representerer Volda rideklubb, fekk 4.-plass i same klasse.

Liv Jorunn Nyhagen starta også på heimebane denne laurdagen og fekk ein fin 2.-plass i klassa Middels B med Birkeholms Thoke Patsijon, bak Camilla Therese Tafjord frå Nordvest hestesportsklubb.

### Stilte for fyrste gong

Søndag var det klubbstemne i sprang for klubben sine medlemmar. Denne dagen kunne ein vere med i rekrutteringsklasser med bom på bakken/20 cm til 60 cm. For dei meir rutinerte ryttarane var det klasser som 70 cm og 80 cm.

Fleire medlemmar og heile elleve juniormedlemmar stilte til

start enten med eigen eller lånt hest. For mange var dette første gang dei var med i ein konkurranse. Alle gjennomførte med glans og fekk flotte sløyfer og premiar. Det var eit vellykka stemnehelg med god stemning, blide ansikt og fornøgde ekvipasjar.

### Volda rideklubb til NM

Neste mål for Volda-ryttarane Anna Wangen Mork, Randi Mork, Hanne Brunvoll og Liv Jorunn Nyhagen er Fjordhest-NM på Stord, 25.– 0. juni. Dette er eit stort arrangement som samlar fjordhest-Noreg ei heil veke. Her kan ein konkurrere i dressur, sprang, køyring og feltritt. Volda rideklubb skal også stille med lag på årets NM. Vi ynskjer dei lykke til på NM!

VRK



\* Anna Wangen Mork og Årheims Sonja tok 1.-plass i Lett C dressur.

# Tre utøvarar i Ørsta IL i landstoppen i kast

Ørsta IL friidrett har no tre utøvarar i landstoppen i kastøvingane spyd og sleggje etter gode resultat på friidrettsstemne i helga. Målretta satsing på kastgruppa frå klubben og trenar Svein-Egil Johannessen har gitt gode resultat.

Elias Hovden Nilsen ligg no på 1.-plass i spyd i landet i klassen G17 med 59,79 meter, ny klubbrekord og 995 Tyrving-poeng på kretsmeisterskap på Aksla stadion.


Andrine Hjellen Haugland ligg på 2.-plass i spyd i landet i klassen J18/19 med 42,99 m og 999 Tyrving-poeng på kretsmeisterskap på Aksla stadion. Andrine har og banerekord i spyd på Ørsta stadion.

Anna Hjellen Haugland ligg på 4.-plass i sleggje i landet i klassen J16 med 46,46 meter, 1065 Tyrving-poeng og ny klubbrekord J16 på Loggane i Sogn og Fjordane søndag 27. mai.

Olve Øyehaug, Ørsta IL  
friidrett



\* Elias Hovden Nilsen ligg på 1.-plass i spyd i landet i klassen G17 med 59,79 meter.



\* Andrine Hjellen Haugland ligg på 2.-plass i spyd i landet i klassen J18/19 med 42,99 meter.



3105 Anna Hjellen Haugland ligg på 4.-plass i sleggje i landet i klassen J16 med 46,46 meter.

Møre tlf. 70 07 44 22

E-post: [annonse@mre.no](mailto:annonse@mre.no)